

Fra: Moldung, Hanne Merete [hanne.merete.moldung@ra.no]

Til: Arlen Synnøve Bidne [Arlen.Synnove.Bidne@sfj.no]

Kopi: Magerøy, Ingeborg [ingeborg.mageroy@ra.no]

Sendt: 08.02.2017 11:34:47

Emne: Luster kommune, Dale sentrum - Detaljregulering - Offentleg ettersyn - Ytterligare innspel frå Riksantikvaren

Vedlegg: image003.png

Vi viser til vårt brev av 2.2.2017 til Sogn og Fjordane fylkeskommune som gjeld innspel til 2. gangs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Dale sentrum, Luster kommune. Vi viser vidare til telefonsamtale i dag. Vi sender med dette forslag til føresegner for omsynssone c) SOSI-kode H570. Forslaget til føresegner føreset at arealformålet parkeringsplass SPA4 vert redusert til arealet som var på 1. gongs høyring, og at arealformålet parkeringsplass inngår i omsynssone H570.

Føresegner til omsynssone c), SOSI-kode H570:

Ved handsaming av tiltak innanfor omsynssone c) skal omsynet til kulturmiljøet, med Dale kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen og Prestegarden, og opplevingsverdiane til dette kulturmiljøet, leggst vekt på. Det skal innhentas fråsegn frå regional kulturminneforvalting før søknad om tiltak innanfor omsynssone c) vert handsama.

Felles føresegner for bygningar og anlegg, punkt 4.1, c:

All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Ved all planlegging av tiltak i kyrkja sine nære omgjevnader skal det takast omsyn til kyrkja si plassering og verknad i landskapet.

Føresegn for småbåthamn, punkt 7.1 og Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, punkt 7.2:

Det skal innhentas fråsegn frå regional kulturminneforvalting før søknad om tiltak vert handsama.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål knytt til føresegnene.

Med helsing

Hanne Merete R. Moldung

Seniorrådgiver

Seksjon for arkeologiske kulturminner – Distriktskontor Vest

Riksantikvaren

Tlf.: +47 98 20 27 97

www.riksantikvaren.no



